



Sveinung Bjørsvik
Leknesvegen 227 A
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3321 - 18/12396

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
19.04.2018

Vedkomande merknader til rehabilitering av garasje - gbnr 196/56 Midtgård

Vi syner til innkome merknader knytt til søknad om rehabilitering av garasje, og tilsvar til dette.

Det var gjeve løyve til å utvide eksisterande garasje i vedtak datert 14.12.2017.
Det er innkome merknader i saka vedkomande plassering, avkøyrsløse og grenseavklaring.

Plassering

Det går fram av nabomerknad at situasjonskart ikkje lå ved i nabovarsel.

Ansvarleg søkjar har gjeve slik tilsvar:

Plassering.

Det er påpeika at det ikkje er levert situasjonsplan i nabovarsel. Vi kan ikkje sjå at det er påkrevd med situasjonsplan då det går tydelig fram i dokument med overskrifta «Nabovarsel» at garasjen vert sett opp der den gamle var plassert og tilstøtande bygg er vist på signerte teikningar. Bygget er utført i tråd med signert nabovarsel datert 19.09.2017.

Vurdering:

Av SAK10 byggjesaksforskrifta § 5-2 går det fram at varsel skal gjeve innsyn i byggjesaka i den grad det berør naboar eller gjenbuarar sine interesser, herunder mellomanna målsatt situasjonskart med mindre det ikkje er relevant.

I byggjesakar der ein skal fjerne eller på anna måte endre bygg på ei tomt *bør* eit situasjonskart inngå i nabovarselet. Tiltaket skal identifiserast både skriftleg og på kart.

I vurdering om tiltaket er tilstrekkeleg nabovarsla syner vi til innsendt dokumentasjon. I denne ligg teikningar av omsøkte garasje og skildring av kva bygg dette gjeld for.

Slik vi forstår saka gjeld merknad i hovudsak usemje kring nabogrensa og ikkje tiltaket i seg sjølv.

Avkøyrsløse

Det vart søkt til Statens Vegvesen om dispensasjon i frå byggjegrense mot veg. Uttale i frå dei vart motteke her den 19.06.2017 i høve fyste søknad i saka som vart avvist administrativt vår referanse 17/1219.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



I uttale har Statens Vegvesen sett krav til utforming og bruk av avkøyrslé, og administrasjonen har ikkje merknader til desse. Dersom du har spørsmål knytt til dette ber vi om at du tar kontakt med Statens Vegvesen.

Privatrettslege tilhøve

Det går fram av merknad at det er usemje om eigedomsgrensa mellom tomtane.

I søknad er det framlagt skyldskifte, og ut i frå vår kartdata ligg grensene *per i dag* slik at garasje er plassert innpå tiltakshavar si eiga grunn. Dersom det er usemje kring faktisk plassering av eigedomsgrensa vil dette vere privatrettsleg og påverkar ikkje byggjesaka all den til tiltakshavar har sannsynleggjort at garasje vert plassert på eiga grunn.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Helge Roy Haugland

Leknesvegen 225 5915

HJELMÅS

A

Ing Taule AS

Kvassnesvegen 33 5914

ISDALSTØ

Sveinung Bjørsvik

Leknesvegen 227 5915

HJELMÅS

A